



Retningslinje for mobiltelefoni i Voss herad

1 Mål

Sikre at Voss herad har ei fleksibel og funksjonell løysing for administrasjon av mobiltelefoni

2 Retningslinja gjeld for

Alle tilsette i Voss herad som nyttar mobil tenestetelefon kor Voss herad eig abonnementet. Det omhandlar både bruk av mobiltelefon som tilsett nyttar kombinert jobb/ privat, og for tilsette som legg igjen mobiltelefon på arbeidsstaden.

3 Ansvar

Retningslinja er vedteken av Rådmann i Voss herad. Eigar av retningslinja er Stabssjef for HR og Innovasjon. Leiar for digitalisering og IT er ansvarleg for at retningslinja er oppdatert med omsyn til gjeldande regelverk.

4 Definisjon

Mobiltelefoni (mobiltelefon, abonnement og brukaradministrasjon).

5 Retningslinja

1. Tildeling

Tildeling av mobiltelefoni vert gjort av nærmaste leiar etter ei vurdering om tenestleg behov. I denne vurderinga vert følgjande omsyn vektlagt

- Den tilsette skal ha behov for mobiltelefoni i arbeidssamheng
- Arbeidsgjevar har behov for at den tilsette kan verta kontakta utanfor arbeidstid.
- Den tilsette har eit beredskapsansvar

Voss herad dekkjer kostnadar for jobbrelatert innkjøp og bruk av mobiltelefoni for tilsette som vert pålagt mobiltelefon i arbeidssamheng (sjå pkt. 5)

Tilsette som får innvilga dette som eit tilbod må sjølv dekke kostnadar utover standard tenestetelefon (sjå pkt. 6)

2. Teneste- telefon

Voss herad og den tilsette skal inngå avtale om at telefonen vert lagt igjen på arbeidsplassen etter at arbeidsdagen er omme. Den tilsette unngår på denne måten fordelsbeskatning (sjå pkt.4). Tilsette som nyttar teneste-telefon i privat samheng vil verte trekt i løn for kostnadar utover jobbrelatert bruk (sjå pkt. 5)



3. Mobiltelefon som vert nytta i kombinasjon jobb/privat

Tilsette som anten vert pålagde eller får tilgang til å nytta mobiltelefon i kombinasjon jobb/privat mottek eit gode som er skattepliktig og som fører til fordelsbeskatning. Den tilsette vil også verte trekt i løn for meirforbruk utover satsane i pkt. 5

4. Fordelsbeskatning

Tilsette som har mobilabonnement som er eigd av Voss herad, og som nyttar telefonen utanom arbeidstid, vert fordelsbeskatta. Sjablonregel for beskatning av elektroniske kommunikasjonstenester finst på skatteetatens nettsider:

<http://www.skatteetaten.no/no/Radgiver/Rettskilder/Kunngjoringer/Beskatning-av-EKOM-tjenester-telefon-mv/>

Reell kostnad for den tilsette er skatt av kr. 4392,- (pr 2018). Nemnde beløp vert meldt inn som auka inntekt.

5 Satsar

Abonnementet som vert dekt av Voss herad inkluderer ringeminutt, sms og data pr måned. For dei som har tenestetelefon er det tildelt 5GB pr måned. For dei som har kombinert jobb/ privat abonnement er det tildelt 25GB data pr måned. Ringeminutt og sms vert dekt for bruk i Norge, og bruk frå utland i EU/EØS. Bruk av inkludert datapakke gjeld i Norge og EU/EØS.

Alle tilsette som har abonnement som vert dekt av Voss herad får oversikt over sine telefonutgifter kvar måned tilsendt på e-post. Denne e-posten vil innehalde både informasjon om totalforbruk, og informasjon om forbruk som vert trekt frå løn.

Trekk i løn vil skje ved lønskøyning ein måned etter at Voss herad har motteke faktura frå Telenor (til dømes: Faktura på forbruk i januar vil kome i februar. Trekk i løn vil skje i mars.)

Løysinga gjev den tilsette moglegheit til å nytta fleire tenester, samtidig som Voss herad følgjer lovpålagt regelverk. Tilsette som har blitt trekt i løn for utgifter som Voss herad skal betale nyttar Voss herad si rutine for refusjon av utlegg.

Kostnadar som ikkje vert dekt, og som vert trekt av løn hjå den tilsette

Kostnadar for kjøp av innhaldstenester/ mobiltenester, varer og teletorgtenester o.l.*

Kostnadar for opplysningstenester (slike tenester er gratis ved bruk av Mobilt bedriftsnett-app)

Kostnadar for overforbruk data i Norge (inkl. ekstra surfepakke)

Meirkostnad for større datapakke enn det som vert dekt av arbeidsgjevar

Kostnadar for bruk til/ frå/ i utland **

Abonnementskostnadar som til dømes;

- Tvilling (ekstrasim for tale)
- Datakort 1 (ekstrasim for data)
- Datakort 2 (ekstrasim for data)
- Min sky

Forsikring



*Innhalds- og mobiltenester er ein samlebetegnelse for tenester som er bestilt via tale, SMS, MMS, Internett og betalt via mobilabonnementets faktura. Dette kan til dømes vere avstemmingar på radio/TV, parkering, donasjonar, ringetonar, app` ar til smarttelefon/IPAD.

** Det kan utarbeidast eigne individuelle avtalar for personell med mykje tenestetelefontenester eller tenestereiser til utlandet

Refusjon av kostnader

Om den tilsette vert trekt i løn for kostnader som er jobbrelaterte, kan den tilsette få dette refundert gjennom reiserekning/refusjon. Spesifikasjon av kostnaden tas ut av månadsrapporten frå Fakturakontroll som vert sendt til den tilsette. Vanleg regelverk for refusjon av utgifter vil då vere gjeldande og det vil då vere den tilsette sitt ansvar å dokumentere og sende inn refusjonsbilag.

6 Utstyr

Voss herad har følgjande regelverk som regulerer kostnader som vert dekt ved bestilling av utstyr, samt kor ofte den tilsette kan bestille.

Ordning for dekning av mobil og utstyr

Tinging gjerast via <https://mport.telenor.no/>

Voss herad dekker til ei kvar tid definert standard tenestetelefon ved bestilling av ny mobil. Kostnader utover dette må den tilsette dekke sjølv.

Forventa levetid på ein mobil er 24 månadar, og ny mobil kan tingast etter 24 mnd.

Voss herad dekker kostnad for standard tilbehør til mobilen: Deksel og skjermbeskyttelse

Full dekning forutsett at noverande mobil har passert forventa levetid som opplyst. Om det er ynskjeleg å tinga ny mobil før minimum levealder er nådd vil støtte frå Voss herad verte redusert tilsvarande mobilen sin alder (sjå tabell 1).

Tinging

Tilsette som har eit abonnement med fakturakontroll og som anten vert pålagde eller får tilgang til å nytta mobiltelefon i kombinasjon jobb/privat finn tilgjengeleg utstyr på <https://mport.telenor.no/>. Her ser også tilsette kva mobil dei har registrert i dag, alder på denne, samt kva Voss herad dekker ved tinging av ny mobil. Når tilsette går til nettbutikken for å velja mobil vil han/ ho sjå kva pris som må dekkast av den tilsette sjølv. Mobil som er prisa til kroner 0,- vert dekkast i heilheit av Voss herad.

Tinging av tenestetelefon vert gjort av leiar på <https://mport.telenor.no/>.

Bruksrett

Tilsette kan velja å tinga mobil som kostar meir enn Voss herad sitt støttebeløp. Tilsette må då betale meirkostnaden sjølv og får bruksrett til mobilen. Voss herad er eigar av mobilen.



Utkjøp av brukt mobil

Ved tinging av ny mobil eller ved avslutning av arbeidsforhold kan den tilsette velje å levera attende mobilen til Voss herad, eller å kjøpe ut den brukte mobilen. Utkjøpspris vert regulert etter følgjande prinsipp som vist i tabell 1:

Alder på mobil	Kostnad
Mindre enn 12 månadar	80 %
Frå og med 12 til 18 månadar	50 %
Frå og med 18 til 24 månadar	20 %
Over 24 månadar	Kr 50,- inkl. mva

Tabell 1

Ved utkjøp av ein brukt mobil pliktar den tilsette å følgje retningslinjer for sletting av informasjon som skildra i avsnitt 7. Voss herad kjøper ikkje ut brukte mobilar frå tilsette om den tilsette ikkje ynskjer å ta med seg mobilen etter endt arbeidsforhold.

7 Bruk og datasikkerheit

Oppbevaring og bruk av mobil

Mobilen må handsamast med varsemd og ikkje leggjast igjen på allmenn plass. Voss herad anbefalar at moglegheit for å lokalisere mobilen vert aktivert. Ved behov kan brukarstøtte hjå forhandlar kontaktast for bistand.

Sikkerheit

Mobilen skal sikrast med PIN-kode eller tilsvarande som slår inn automatisk (seinast 1 minutt utan bruk).

Den tilsette skal ikkje installere applikasjonar som kjem frå andre kjelder enn dei offisielle app-butikkane knytt til mobiloperativsystemet, med mindre dette er eksplisitt avklart og godkjent av Voss herad.

Voss herad føreheld seg retten til å installere naudsynt administrator -verktøy (app/sertifikat) som er naudsynt for å kunne ha tilgang til innstillingar i forbindelse med sikkerheit, app-policyar og oppsett av bedriftsapplikasjonar/ kontoar (som til dømes e-post, O365-applikasjonar, mm). Dette medfører også moglegheit for Voss herad til å kunne fjernlåse, fjernslette, mm. Denne tilgangen vert fjerna ved endring av eigarskap av abonnement. Voss herad har ikkje moglegheit til innsyn i privat innhald på mobil (som til dømes bilete, tekstmeldingar, anropslogg, søkehistorikk i nettlesar, mm.).

Sletting

Ein mobil kan innehalde sensitiv informasjon. Om ein mobil er tapt skal det sendast ei beskjed om fjernsletting av denne til IT hjå Voss herad. Når ein mobil vert meldt fjernsletta vil data på mobilen slettast neste gang mobilen tek kontakt med internett.



Tap eller skade på utstyr

Ved skade eller feil på mobil skal denne leverast inn til vurdering hjå Mobit. Voss herad dekker kostnad til éin reparasjon pr forventa levetid. Reparasjon vil berre verte utført om dette vert vurdert som lønnsamt i forhold til Voss herad sin kostnad for å skaffe ny mobil.

Behandling av private data og kontoar

Overføring av private data, applikasjonar, mm. mellom gammal og ny telefon kan gjerast hjå forhandlar mot avtalt vederlag. Dette vederlaget må dekkast av den tilsette.

Voss herad fråskriv seg alt ansvar for tap av private data eller skade på private kontoar. Den tilsette må sjølv syte for å sikkerheitskopiere egne data (til privat lagring utanfor Voss herad sine område) og syte for tilstrekkeleg sikring av private kontoar.

Avslutning av arbeidsforhold

Ved avslutning av arbeidsforhold kan abonnementet flyttast over til den tilsette som privat eigar. Om den tilsette ynskjer å overta mobilen vil dette verte handsama som skildra i «Utkjøp av brukt mobil». Om den tilsette ikkje ynskjer å overta mobilen skal den leverast til nærmaste leiar.

Voss herad tek ikkje ansvar for eventuelle bruddgebyr ved overføring av abonnement frå/til Voss herad. Abonnement skal stå på privatperson ved flytting til Voss herad, og vil bli overført til privatabonnement ved avslutning av arbeidsforholdet.

Permisjon/ langvarig sjukemelding

Når arbeidstakar har uløna permisjon eller grunna andre forhold ikkje lenger fyller vilkåra for tildeling opphører denne avtalen. Dette skal og vurderast av nærmaste leiar ved foreldrepermisjon/sjukemeldingar der arbeidstakar er ute av tenesta i meir enn 3 månadar.

Brukarstøtte

Ved behov for brukarstøtte som gjeld arbeidsrelaterte applikasjonar og brukarkontoar (til dømes e-post og pålogging) kan den tilsette kontakte IT avdelinga hjå Voss herad via brukarstøtteportal på vossherad.pureservice.com eller på telefon 56523210.

IT avdelinga hjå Voss herad syt ikkje for brukarstøtte som gjeld private applikasjonar og brukarkontoar (til dømes Netflix og pålogging til Apple-ID).

6 Implementering og revidering

HR og Innovasjon har ansvaret for at denne retningslinja vert implementert i Voss herad

7 Referansar og vedlegg

Lovheimel:

- Personopplysningsloven og arkivlova med forskrifter.
- Lovar som regulerer den tilsette sitt arbeid (eks. forvaltningslov og sosialtenestelov)
- Hovudavtalen



Voss herad

- Personal- og arbeidsreglement for Voss herad

Dokument – ID

Utarbeidd av: *HR og Innovasjon*

Godkjend av/dato: Rådmann, 15.03.2021

Revidert:

Neste revisjon: 01.09.2021

Saksnummer i 360 online: 21/01339